

Godt fornøgd med lituarane

30.12.2011



LAN BYGG AS har etter kvart vorte eit kjent og anerkjent firma i bygda og ein av oppdragsgjevarane som er godt fornøgd så langt med den jobben firmaet har gjort er Kjell Yri. Han har engasjert lituarane til å bistå med byggjinga av naustet sitt på Neset og dei har stått på både seint og tidleg og i allslags ver.

Heller ikkje no i romjula tek dei ferie men har 2 i arbeid på naustet. Imidlertid er 2 heime på ferie av arbeidsstokken som omfattar tilsaman 7.

Zemeitaitis Nemunas frå Vilkyskai nær Taurage har for sin del no vore 5 år i Uskedalen og kjenner seg snart som uskedeling. På biletet er han i arbeid med taket på naustet.

LAN BYGG kan ta på seg det meste med omsyn til byggjing og renovering og i annonsane sine nemner dei leggjing av flis, skifer, taktekking, maling, og tapetsering.saman med vanleg snikkararbeid.
Firmaet er godt konkurransedyktig også på pris samanlikna med lokale og norskbaserte firma.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen